



Innkalling av Formannskapet

Møtedato: 24.02.2015
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 12:00

Eventuelle forfall må meldast til Kundetorget på tlf 56 59 90 00 eller e-post:
postmottak@modalen.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
017/2015	Godkjenning av innkalling og saksliste
018/2015	Godkjenning av møtebok
019/2015	Orienteringssaker

23. februar 2015

Knut Moe
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		15/51

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/2015	Formannskapet	PS	24.02.2015

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		15/51

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2015	Formannskapet	PS	24.02.2015

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

32T

Protokoll - Formannskapet - 17.02.2015



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 17.02.2015
Møtestad: Formannsskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	Ugild under sak 015
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Gisle Heimly	SO	Medlem	Meldt forfall, vara innkalla

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Neset	SO	Varamedlem	Vara for Gisle Heimly

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	Deltok fram til kl 11.30
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	Deltok under sak 016
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
011/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/2015	Godkjenning av møtebok
013/2015	Referatsaker
014/2015	Orienteringssaker
015/2015	Kulturminnevernmidlar 2015
016/2015	Kommuneplan for Modalen 2014 -2025 . Orientering om innkomne innspel etter offentlig høyring.

Notat frå møtet:

Sak 015/2015 vart drøfta sist i møtet.

Øystein Skofteland frå Norconsult deltok frå kl 09.30 til kl 15.00.Han gjekk då gjennom utsendt notat med administrasjonen si oppsummering og vurdering av innspel og merknader til kommuneplanen frå høyringa.

011/2015: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

012/2015: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

013/2015: Referatsaker

Behandling:

Ikkje sendt ut eller framlagt referatsaker i møte

Vedtak:

014/2015: Orienteringssaker

Behandling:

I møtet vart det orientert om følgjande:

Nordhordlandstinget 16.02.15 - møte og arbeid om kommunestruktur

Ordførar gav eit kort referat frå møte i Nordhordlandstinget den 16.02.15 der ordførar, varaordførar og rådmann møtte frå Modalen.

Ordførar minna om at det er møteplikt for formannskapet til Nordhordlandstinget på linje med eit vanleg møte i formannskapet. Innkalling var vidare sendt i epost frå rådmannen til

medlemer og varamedlemar den 09.02.15.

Rådmannen delte ut og orienterte om prosjektplanen for vidare felles arbeid med kommunestrukturprosjektet. Prosjektplanen har rådmennene utarbeida i samsvar med kommunestyra i regionen sine vedtak. Prosjektplanen vil verte drøfta på neste møte i Regionrådet.

Ordføraren orienterte også om eit møte med Masfjorden kommune der ulike spørsmål vedkomande kraft vart drøfta. Problemstillingar som der vart drøfta har ordførar følgd opp mot LVK.

Folkemøte om kommunestruktur

Formannskapet drøfta behovet for eit folkemøte i Modalen i løpet av våren.

Formannskapet konkluderte med at ein skulle ta kollektivt ansvar for å planleggje og førebu eit slikt folkemøte.

Rådmannen vart beden om å sende ut innkalling pr. epost til formannskapet om eit ekstra møte den 24.02.15, kl 09.00

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til orientering

Rådmannen sender ut innkalling pr. epost til formannskapet om møte den 24.02.15 kl 09.00

015/2015: Kulturminnevernmidlar 2015

Behandling:

Ugildskap

Kristin Nåmdal deltok ikkje under handsaming av pkt. 5 - grunna habilitet (Fvl §6 2.ledd). Søkjar Sigrunn Dale er tante til Kristin Nåmdal. Det var ikkje kalla inn vara for Kristin Nåmdal. Ved handsaming av dette punktet var det berre 4 av 5 medlemer til stades.

Rådmannen orienterte om kva prioriteringar som var lagt til grunn frå administrasjonen basert på gjeldande retningslinjer for tildeling av kulturmidlar.

Røysting:

Alle punkt i tilrådinga vart samrøystes vedtekne.

Vedtak:

1. Modalen kommune gjev eit tilskot på kr. 50.000 (100% av materialkostnadane) til Asbjørn Ekse.

Pengane skal brukast til ferdiggjering av smaleflore i Steinslandstunet på Steinsland. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

2. Modalen kommune gjev eit tilskot på kr. 50.000 (50% av materialkostnadane) til Eirik Gudmundsen.

Pengane skal brukast til restaurering av vindauger i Fredheim (Skomakarhuset). Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og rekning ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

3. Modalen kommune gjev eit tilskot på kr. 23.000.-, (50% av materialkostnadane) til Modalen Ølbryggjarlag.

Pengane skal brukast til reparasjon av Ungdomshuset. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og rekning ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

4. Modalen kommune gjev eit tilskot på kr. 16.000.- (50% av materialkostnadane) til Jarle Neset.

Pengane skal brukast til reparasjon av låven på garden. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og rekning ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

5. Modalen kommune gjev eit tilskot på kr. 30.000.- (15.5% av materialkostnadane) til Sigrun Dale.

Pengane skal brukast til rehabilitering av floren på garden, innvendig. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og rekning ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

016/2015: Kommuneplan for Modalen 2014 -2025 . Orientering om innkomne innspel etter offentlig høyring.

Behandling:

Øystein Skofteland frå Norconsult deltok frå kl 09.30 til kl 15.00.

Eit notat med samandrag av innkomne innspel frå høyringa var sendt ut som vedlegg til innkallinga.

I møtet gjekk han punktvis gjennom dei 24 innkomne innspela/merknadane til kommuneplanen og orienterte om korleis administrasjonen førebels har vurdert desse.

Formannskapet, som styringsgruppe for planarbeidet, drøfta dei ulike innspela og kom med slik tilråding til oppfølging for administrasjon/konsulent:

2.1 Fylkesmannen i Hordaland

Samfunnsdelen:

Vert å endra slik at følgjande tema - folkehelse, universiell utforming og samfunnstryggleik -

vert styrka i samsvar med Fylkesmannen sine kommentarar.

Arealdelen:

*Areal bak kommunehuset som er avsett til offentlig føremål vert vidareført i ny plan.

*Kjerneområde for landbruk vert ikkje teke inn som omsynssone

*S1: Konsulenten gjennomgår dei rassvuderingar som er utført i nærrområde og vurder konsekvensar av dette med omsyn til om dette vil medføre eit redusert utbyggingsareal for området

* Planføresegner endrast og ta inn rekkefølgeføresegner som føreslege av FM

2.2 Hordaland fylkeskommune

Ikkje teke inn endringar.

2.3 NVE og 2.4 Statnett

Endre i tråd med innspel frå NVE og Statnett

3.1 BKK

Endre i samsvar med innspel frå BKK Nett. Innspel frå BKK Produksjon ikkje teke til følge

3.2 Modalen Bondelag

*S1: vurdere deira innspel i høve kommentar frå Fylkesmannen

*Bustadareal Nåmdal (Øvre Helland) vert teke ut av planen, opnar opp for ei fortetting i etablert bustadområde ved utarbeiding av ein ny reguleringsplan for Øvre Helland til erstatning for gjeldande , men "gamle" plan(ar)

4.1 og 4.2 Atle Helland

4.1. Ikkje relevant å ta inn i kommuneplanen/4.2 ikkje tilrådd endra

4.3 Roger Fure

Ivareteke innspel under 4.4

4.4. Oddbjørn Trohaug

Bustadområde kan utgå og erstatte dette med område til fritids-og turistformål. Vurdere konsekvens av endring og behov for begrensa høyring.

4.5 Modalen Sandtak AS

Kan ivareta framlegg til justering innan ramma for gjeldande reguleringsplan

4.6 Merete og Magnus Bogen / 4.7 Kurt Jarle Nottveit / 4.12 Einar Sofienlund

Vurdere å leggje inn eit mindre naustområde på Nottveit (areal A). Vurdere behov for begrensa høyring ved slik endring

4.8 Inga Jorunn Nåmdal

Justere planen slik at byggjeformålet ligg parallelt med føremåla i reguleringsplanen.

4.9 Håkon Nåmdal

Vurdert og ivareteke under pkt 3.2

4.10 P-10G/BNR:77/1, 5 og 7

Vert vurdert ved konklusjon av S1

4.11 Frank Stian Steinsland og Aud Almenningen

Innspel for spreidd bustad og næring vurderast imøtekome ved begrensa høyring

Innspel om sankehytte medfører ikkje behov for endring av kommuneplan.

4.13 Advokat Mikkel Mundal på vegne av Einar Farestveit

Innspel frå advokat drøfta, men ikkje tilrådd endringar. Innspel/merknad må vurderast av adm./konsulent fram til framlegging av sak til politisk vedtak.

Vedtak:

Administrasjonen føl opp dei innspel til endringar som kom fram under drøftinga i møtet og førebur sak for endeleg handsaming av kommuneplanen.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		15/51

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2015	Formannskapet	PS	24.02.2015

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

32T

Orienteringssak folkemøte

Orienteringssak

Folkemøte om kommunestruktur

Formannskapet drøfta behovet for eit folkemøte i Modalen i løpet av våren.

Formannskapet konkluderte med at ein skulle ta kollektivt ansvar for å planleggje og førebu eit slikt folkemøte.

Rådmannen vart beden om å sende ut innkalling pr. epost til formannskapet om eit ekstra møte den 24.02.15, kl 09.00